

# One2touch



One2touch starta som det einaste selskapet i verda som tilbydde trådlause tastatur basert på NFC-teknologi (Near Field Communication).

Alt starta i 2005 då Torbjørn Aasen, sjefsingeniør og forskar ved Klinikk Hode-hals, Haukeland universitetssjukehus las om den nye NFC-teknologien. Han synes teknologien virka lovande.

Selskapet utvikla idéen til verdas første trådlause tastatur som ikkje hadde behov for opplading.

Selskapet har seinare endra fokus frå å utvikle ulike variantar trådlause tastatur til å konsentrere seg fullt og heilt om NFC-teknologi.

Forventninga deira er at NFC blir like godt kjent som Wifi, Bluetooth og 4G om få år, og har som mål å utvikle kjerneteknologi som kan brukast i ei lang rekkje tilbehør til produkt.

## Kommersialisering

Bergen Teknologioverføring (BTO) var ansvarleg for forretningsutviklinga, som gjorde at selskapet One2touch AS starta i 2009.

## Prisar

Aasen vann Helse Vest sin innovasjonspris i 2013. Selskapet One2touch vann "Best Startup" og "Best User Experience" ved WIMA USA 2013 Best Proximity Solutions Contest.

## Finansiering

FORNY-midlar frå Norges forskningsråd, Innovasjon Norge og private investorar. Bergen Teknologioverføring (BTO) trakk seg ut av selskapet i 2013.

## Kontakt

[www.one2touch.no](http://www.one2touch.no)  
[www.bergento.no](http://www.bergento.no)

